



Samferdselsdepartementet
postmottak@sd.dep.no

Flyruter ved Sogndal lufthamn Haukåsen

Vi viser til brev frå Sogn regionråd av 22.12.2010 og møte med departementet 11. februar.

Sogn regionråd ser med sterk uro på Transportøkonomisk institutt si tilråding til Samferdselsdepartementet om å leggja ned flyrutene Sogndal-Bergen. Flyrutene er viktig for næringslivet i dag og for utviklinga av regionen. Eit konkurransedyktig næringsliv må ha tilgang på kort reisetid. Regionen har fleire arbeidsplassar som har mykje reiseaktivitet og som er avhengige av gode flyruter, og at flyruta til/frå Bergen vert vidareført. Blant dei store offentlege arbeidsplassane har vi Direktoratet for forvaltning og IKT, NAV, Statens vegvesen, Statkraft og Vestlandsforskning for å nemna nokre. Det er venta at desse vil ha høg reiseaktivitet også i framtida. Særleg for dei regionale statsetatane er flytilbodet til/frå Bergen viktig fordi dei har stor reiseaktivitet over heile Vestlandet. Eit godt flytilbod er avgjerande for å oppretthalde regional organisering.

Flytilbodet er ein viktig føresetnad for nasjonalt og internasjonalt næringsliv i distrikta. Bortfall av fly til Bergen vil kunne true den regionale organiseringa av fleire arbeidsplassar.

Kommunane har saman med fylkeskommunen og Avinor bidrege med over 60 millionar for å oppgradera lufthamna. Sogndal lufthamn er no ei moderne og trygg lufthamn. Steget til ei 1200 meter rullebane er kort. Vi viser til høyringsfråsegna frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til departementet om at utviding av rullebanar til 1200 meter på greiast ut. Utvidinga må sjåast i samheng med betra konkurransesituasjon på leverandørsida i framtidige anbudsrundar. Sogn regionråd meiner at departementet bør syte for å greie ut verknadene av ei utviding av rullebana på Sogndal lufthamn Haukåsen til 1200 meter. Sogn regionråd ønskjer å bidra til ei slik utgreiing, og Sogn og Fjordane fylkeskommune bør også involverast i eit slik arbeid.

Sogn regionråd meiner det er heilt avgjerande for utvikling av regionen at flytilbodet ikkje vert redusert slik TØI-rapporten føreslår. Sogn regionråd ber om at flytilbodet vert utvida slik vi har gitt innspel på med nattstasjonert fly og ettermiddagsavgang frå Bergen.

Med helsing

Torodd Urnes
leiar i Sogn regionråd
(sign)

Jarle Aarvoll
leiar i samferdslegruppa i Sogn regionråd
ordførar Sogndal kommune
(sign)

Kopi til: Gloppen kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune